

ÅRSMELDING 2020

BORDGLEDER KINN KOMMUNE KF



Bordgleder mettar 520 person kvar dag frå Stavanger i sør til Kristiansund i nord, 365 dagar i året. Vi har ei rekke ulike kundar, private og offentlege.

1. januar 2020, Kinn kommune sin første dag som ny samanslegen kommune, starta også perioden til styret i Bordgleder som vart vald hausten 2019. I heile 2020 har styret hatt slik samansetning:

Jacob Nødseth (styreleiar), Bjørn Løkkebø Halsnes, Torgunn Eikevik (nestleiar), Petter Refsnes, og Kathrine Agledal (tilsette sin representant).

Bordgleder driv i dag eit aktivitetsomfang som inneheld fleire kundegrupper.

Dei største er kommunen sine institusjonar og heimebuande i det som før var Flora kommune, og ferjeselskapa Fjord1 ASA, Norled AS og Boreal AS.

Den interne leveransen har vore stabil gjennom året.

Omsetninga er delt ca 40/60 mellom kommunale (herunder heimebuande privatpersonar) og eksterne. Totale driftsinntekter i 2020 var kr 23.722.528.-

Bordgleder har ein god dialog med institusjonane i kommunen og er opptatt av å vere på tilbodssida ved ulike arrangement og ønskje som ein kjem med frå omsorgstenesta og pårørande mv. Dette er eit arbeid vi vidarefører og forsterkar inn i 2021.

Levering Kinn kommune (Flora-delen):

- Matombringing: Levering til heimebuande har i snitt vore på 60 personar pr. dag.
- Dagtilbod:
Levering dagtilbod i Florø sentrum har i snitt vore 12 personar pr. dag.
Levering dagtilbod i Eikefjord har i snitt vore 68 personar pr. veke.
- Institusjonane i Flora:
Levering Flora Omsorgssenter med snitt på 45 institusjonsplassar.
Levering Furuhaugane Omsorgssenter med ein snitt på 45 institusjonsplassar.
- Markegata 55 kom inn som faste kundar i september 2020
- Levering av møtemat til kommunen som normalt.

Eksterne leveringsavtaler:

- Fjord1 ASA:
 - Kantina ved kontoret i Florø.
 - 37 ferjer (ca 255 tilsette pr dag) i alle dei fire dåverande fylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.
- Norled AS
 - fire ferjer i Møre og Romsdal og i Sogn.
- Boreal AS
 - To ferjer frå januar 2021

Økonomisk resultat:

Bordgleder KF har i 2020 eit negativt brutto driftsresultat (underskot) på kr 74.894.-

Styret er godt nøgd med drifta og dei økonomiske resultata i 2020. Det har vore stort fokus på oppfølging av rekneskap mot budsjett og å følgje med på prisutviklinga slik at prisane til kundane gjev forteneste på produksjonen og samstundes har eit fornuftig nivå. Situasjonen rundt Covid19 gjorde årsresultatet lågare enn budsjettert, mellom anna på grunn av stengde kantiner og dagtilbod. På grunn av overgang til nytt økonomisystem i Kinn kommune hadde verksemda ikkje fullverdig oversikt over sin økonomiske situasjon før september 2020.

Per mars 2021 har det ikkje blitt føretatt purring på uteståande fordringar for 2020 i storleiken kr 216.000. Det er rekneskapsavdelinga i kommunen som er ansvarleg for dette, og dei er påminna dette frå Bordgleder.

Personal og anna drift:

Bordgleder har 9,6 årsverk fordelt på 10 tilsette. Det er ei løpande vurdering om ein skal ta inn lærlingar i framtida, og Bordgleder er bevisst sitt samfunnsansvar i så måte.

Bordgleder hadde inn i 2020 framleis eit for høgt sjukefråvær, som er samansatt mellom arbeidsrelaterte belastningsskader og ikkje arbeidsrelatert fråvær. Med nokre enkelttilsette som har vore ute i langtidssjukefråvær slår dette negativt ut i ein liten organisasjon.

Styret har diskutert arbeidsmiljø og tiltak på alle sine styremøte og hatt ein løpande dialog med bedriftshelsetenesta og personalavdelinga i kommunen. Styreleiar har saman med personavdelinga gjennomført samtalar med alle tilsette i organisasjonen for å kartlegge arbeidsmiljøet som ei oppfølging av tidlegare prosess i føretaket. Dette har tatt tid, men har vorte godt motteke og tiltak er sett i verk. Styret kan konstatere at sjukefråværet er i positiv utvikling, og vi er frå 1.januar fulltalig og ingen lengre langtidssjukemeldt. Styret er ikkje lenger uroa for arbeidsmiljøet og sjukefråværet ved Bordgleder, og er særst nøgd med å ha løyst denne samansette situasjonen som har vedvart over fleire år.

2020 var eit år med endringar i føretaket på personalsida, som har vore tidkrevjande. I 2020 vart det klart at dagleg leiar sidan Bordgleder KF starta opp, Johnny D. Jakobsen ville gå av med pensjon ila våren 2021. Det er også rekruttert ny produksjonsleiar ved kjøkkenet, som er dagleg leiar sin nestleiar. Frode Norevik, som ei tid hadde vikariert som kjøkkensjef/produksjonsleiar vart tilsett som produksjonsleiar etter intern utlysing. Etter ekstern utlysing vart Halvor J. Halvorsen tilsett som dagleg leiar, og han tok til i stillinga 1. januar 2021. To andre eksterne søkjarar klaga på tilsettinga av Halvorsen til Sivilombodsmannen, som raskt slo fast at det ikkje var grunnlag for å rette kritikk mot prosessen og tilsettinga. Styret er godt nøgd med å ha kome vel i mål med arbeidet med personalsituasjonen i 2020, og vurderer at føretaket no står godt rusta for framtida. Styret vil nytte høve til å takke Leni Stensvoll ved personalavdelinga til Kinn kommune for god bistand både med systematisk arbeid med betring av arbeidsmiljøet og dei tilsettingsprosessane vi har hatt gjennom året.



Halvor Halvorsen vart i 2020 tilsett som ny dagleg leiar i Bordgleder KF.

Covid19-situasjonen har også ført til at ein del av utviklingstiltaka i føretaket, som nye lokaler for kjøkkenet, implementering av nytt dataprogram og dialog med kjøkkentenesta i Måløy-delen av Kinn kommune vart utsett til 2021. I samband med budsjettprosessen i desember 2020 foreslo kommunedirektøren at Bordgleder skulle ta over leveransane til Vågsøy, utan at Bordgleder var informert om dette på førehand. Dette skapte unødige støy og uro, og vart ein annan prosess en vi hadde håpa på.

Personale:

Tekst	2018	2019	2020	2021
Leiing	1	1	1	1
Fagpersonale	4,8	4,8	6,3	4,9
Assistentar	2,4	2,4	3,2	2,6
Totalt	9,2	9,2	10,5	9,5

Vidare utfordringar i 2021 :

- Følgje med prisutviklinga på mat i forhold til vedtekne utsalsprisar og justere desse ved behov.
- Etablere ei meir konkret avtale med Kinn kommune om levering til kundar i kommunen sine institusjonar mv.
- Forhandle med eksterne kundar, for vidare leveringar i åra som kjem.

- Bordgleder leverer tenester til omsorgstrengende og andre, og vi levere til stadig flere ferjer. Føretaket er opptatt av å «ikkje gå andre i næringa» lokalt, men utvikle ei bedrift som sikrar kommunale arbeidsplassar og høg kvalitet i dei tenestene vi leverer. Den driftsforma vi har valt fører til ein «vinn-vinn» situasjon for alle, spesielt våre primære kundar. Som ein konsekvens av dette driv t.d. Bordgleder mindre med catering enn det vi gjorde før.
- Implementere datasystemet «Mathilda» for å effektivisere drift og produksjon.
- Bordgleder har behov for meir moderne lokaler for vidareutvikling av kjøkkenet og for å stette framtidas krav til matproduksjon frå Mattilsynet, Arbeidstilsynet etc. Dette skulle vere ferdig planlagt i 2020, men er utsett til 2021.

Styret ønsker å gje ros til alle dei tilsette for godt utført arbeid i 2020. Særleg vil vi nytte høve til å takke Johnny D. Jakobsen for hans formidable innsats som dagleg leiar i føretaket gjennom 20 år. 1. mai går han av med pensjon, og vi vil ønskje han lukke til vidare i pensjonistane sine rekker.



Ordfører Ola Teigen overrekker blomster til Johnny Jakobsen under kommunestyret sin julelunch i desember 2020.

Det er halde elleve styremøte i 2020.

Årsmelding for 2020 er samrøystes godkjent og vedteke i styremøte den 25. mars 2021.

Florø, 25. mars 2021

Jacob Nødseth
Styreleiar

Halvor Halvorsen.
Dagleg leiar

Torgunn Eikevik
Styrenestleiar

Bjørn L. Halsnes
Styremedlem

Petter Refsnes
Styremedlem

Kathrine Agledal
Styremedlem (tilsette sin representant)